

Gamle Grendi (Tidt eg minnest ein gamal gard)

Tidt eg minnes ein gamal gard med store tre og runnar.

Vollar bakkar og berg og skard og blomster på grønne grunnar.

Der eg hadde meg so godt eit rom, hus og mark med både bær og blom

Alt eg nøytt som ein eigedom med både lut og lunnar.

Der var dalar og lier nog, der lur og bjøllor klungo,

Der var ruster og fager skog, der tusund fuglar sjungo.

Tett ved stova stod ei bjørk så breid, der hadde skjorene sitt gamle reid.

Starden song i kvar ein topp som beid og erlor i tunet sprungo.

Heime var eg so vida kjend og slapp inn kvar eg ville,

I kvart hus i den heile grend, om endå folket kvilde.

Der var kjenningar i kvar ei krå, Og når eg ukjende folk fekk sjå,

Spurde eg radt, kvar dei var i frå, og dei var lika milde.

Var det nokon, som der leid vondt og vart fyre tap og spilla,

Brått det spurdest om bygdi rundt, og alle tykte det var illa.

Ofte minnest eg mi gamle grend, når eg framand uti verdi stend,

Heimlaus, fredelaus og lite kjend, og likar på leiken illa.